



# Undervegs-evaluering med helseføretaka

Som ein del av undervegs-evalueringa til Fylkesmannen, gjennomførte vi eit eige møte med helseføretaka i fylket (Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og Haraldsplass), onsdag 17. juni. Dette notatet er oppsummering av tilbakemeldingane i møtet, og ei oversikt over den vidare oppfølginga av tilbakemeldingane.

## Samordning og kommunikasjon

Helseføretaka er nøgde med korleis Fylkesmannen har utøvd samordningsrolla si. Fellesmøta med kommunane, det eigne møte mellom helseføretaka og Fylkesmannen og det at Fylkesmannen har delteke i utstyrsutvala, vert trekt fram som positivt. Møta har gitt ein viktig tilgang på informasjon, og Fylkesmannen har bidrege til kommunikasjon på tvers av føretaka. Helse Førde streka under at deltaking på desse arenaene har bidrege til ei felles forståing av utfordringar.

Når det gjeld møte mellom helseføretaka og Fylkesmannen, trekte Haraldsplass fram at dei vart invitert inn som deltakar i møta på eit seint tidspunkt. Fram til det fekk dei vidareformidla relevant informasjon frå Helse Bergen (felles beredskapsleiing). Haraldsplass kunne med fordel ha blitt kopla på møta på eit tidlegare tidspunkt.

Helse Førde trekte fram at det kan vere lurt å formaliserer dei samordningsarenaene som er nytta under handteringa, både ut mot kommunane og mellom Fylkesmannen og helseføretaka. Slik kan organiseringa og samarbeidet ved slike hendingar verte meir føreseieleg.

Helse Fonna meinte at samordninga har bidrege til at ein er betre budd på den vidare utviklinga. Helseføretaket ser at dei kunne tatt direkte kontakt med Fylkesmannen tidlegare for å diskutere utfordringar i samarbeidet.

Helse Bergen trekte fram at Fylkesmannen har vore smidig i tilpassinga til situasjonen. Det har bidrege til å smøre samarbeidet, i staden for at Fylkesmannen kunne vore eit tidskrevjande forvaltningsledd.

## Samarbeid mellom helseføretaka og kommunane

Helseføretaka har strukturert sitt samarbeid med kommunane på litt ulike måtar, men alle melder at det har fungert godt.

### Helse Førde

- Taktisk samhandlingsgruppe (består av representantar frå helseføretaket og fire kommuneoverlegar) har fungert godt.
- Det har vore ein del kontakt med rådmenn, men det administrative nivået i kommunane har likevel ikkje vore tett kopla på samhandlingstrukturen.
- Det kan vere utfordrande med forankring mot administrativt nivå i små kommunar.
- Samarbeidet mellom koordineringssjef i helseføretaket og koordinatarar i kommunane har vore godt.



### Helse Bergen

- Har teke utgangspunkt i den etablerte pandemiplanen (slutført kort tid før pandemien) og ut i frå denne bygd strukturen for å handtere pandemien. Det administrative leddet i utvalde kommunar har vore tett kopla på denne strukturen.
- Kommunane har teke mykje av belastninga med å handtere pandemien. Dei har jobba godt med prioritering av pasientar og smitteoppsporing.
- Godt samarbeid med Bergen kommune. Etablerte ei liaisonavtale der dei hadde ein liaison i kriseleiinga til kvarandre. Dette var på initiativ frå kommunen.
- Opplever at dei mindre kommunane har størst behov for samordning.
- Helseføretaket stiller seg spørsmålet om dei i større grad kunne bidrege til avlastning av kommunane der det har vore større hendingar. Dette gjeld særleg smitteutbrot i sjukeheim, som til dømes ved Metodisthjemmet.

### Helse Fonna

- Helseføretaket må forholde seg til to Fylkesmenn, og det er med på å gjere situasjonen litt utfordrande og fører til ein del dobbel møteverksemd.
- Helseføretaket har valt å dele innsatsen etter fylkesgrensa, og opplever at kommunane er godt nøgde med det.
- Har hatt myke direkte kontakt med rådmenn, men den administrative leiinga i kommunane har ikkje delteke inn i møtestrukturen.
- I tillegg til å ha fordelingsmøte, har dei òg hatt fagmøte med kommuneoverlegane/ smittevernlegane.

### Haraldsplass

- Har felles beredskapsleiing med Helse Bergen
- Har hatt eit godt samarbeid med kommunane.
- Har hatt liaison inn i Helse Bergen sine koordineringsmøte med kommunane.

### Planverk

Alle helseføretaka ser at det er naudsynt å gjere justeringar i planverket, men i noko ulik grad.

### Helse Førde

- Ser behov for å gjere endringar i samarbeidsavtale nr. 11.
- Planverket har til dels vore mangelfullt fordi det ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til hendingar som strekker seg over lang tid.
- Det kan vere eit mål å klare i større grad å synkronisere planverket i helseføretaka med planverket til kommunane.

### Helse Bergen

- Slutførte kort tid før pandemien kom til Noreg ein revisjon av planverket. Erfaringane frå handteringa så langt er at grunnlaget i planverket har stått seg, men at det er behov enkelte justeringar.
- Den nye samarbeidsavtalen var forpliktande mellom helseføretaket og kommunane. Avtalen skisserer strukturen for korleis dei skal samarbeide ved ei hending, og så har dei supplert med underutval (Personell, utstyr) ved behov.



### Helse Fonna

- Pandemi- og kohortplanverket til helseføretaket var mangelfullt då pandemien kom, men vart oppdatert under starten av handteringa.
- Har starta eit arbeid med å sjå på tenesteavtale nr. 3 og nr. 5, som omhandlar inn- og utskriving av pasientar. I samband med denne prosessen vil dei òg vurdere om dei skal revidere samarbeidsavtale nr. 11.
- I samordningsgruppa for Sunnhordaland og Hardanger har dei starta eit arbeid for å sjå på om dei kan sikre samkøyring av planverk. Arbeidet tek utgangspunkt i beredskapsplanen til Bømlo kommune.

### Haraldsplass

- Haraldsplass sitt planverk bygger på beredskapsplanverk til Helse Bergen.
- Planverket hadde ikkje teke høgde for at det ville vere så mange uavklarte pasientar inne på sjukehuset til ei kvar tid. Dei hadde trudd at pasientane i større grad ville kome inn med avklart diagnostikk.

### Andre innspel

Helse Fonna opplevde i ein tidleg fase at rolla dei hadde fått knytt til fordelinga av smittevernustyr var ei rolle dei ikkje hadde mynde til. Dette skapte ein del uvisse innleiingsvis.

Helse Bergen tilrår at vi prøver å identifisere kva konkret som har fungert godt i samhandlingsprosessen mellom Fylkesmannen, helseføretaka og kommunane, slik at vi kan dele denne modellen med andre. Dei understrekar òg at det er viktig at det i større grad vert øvd på slike hendingar.

### Vegen vidare

Der dette ikkje er gjort, bør aktørane formalisere samhandlingsarenaene i sitt planverk. Det er viktig at ein her syter for at planverket vert koordinert:

- Helseføretaka må vurdere om det er naudsynt å gjere endringar i samarbeidsavtale nr. 11.
- Fylkesmannen kan overfor medlemmane i fylkesberedskapsrådet tydeleggjere rutine for gjennomføring av sær møte med relevante aktørar i rådet ved ulike hendingar.
- Fylkesmannen kan tydeleggjere overfor kommunane og medlemmane i fylkesberedskapsrådet rutine for gjennomføring av kommunemøte ved hendingar.

Viktig å halde fram med tett kontakt mellom helseføretaka og Fylkesmannen slik at terskelen for å ta kontakt når det oppstår hendingar er så låg som mogleg.

Syte for at Haraldsplass vert kopla tidlegare på inn i samhandlingsforum ved hendingar der det er naturleg. Både Fylkesmannen og Haraldsplass kan ta initiativ til dette.

Syte for å øve jamleg på pandemi. Helseføretaka og Fylkesmannen bør i dialog drøfte kva arenaer det bør øvast på, og kva som er naudsynt å øve.